

Bokmelding

Anne Margrete Fiskvik & Marit Stranden (red.): *(Re)Searching the Field. Festschrift in honour of Egil Bakka*. Fagbokforlaget, 2014. 472 s.

Ingar Ranheim

I mai 2013 vart Egil Bakka pensjonist, etter fylte 70 år. Han var då direktør ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans, tidlegare Rff-sentret, Rådet for folkemusikk og folkedans, ved NTNU i Trondheim.

I 2012 vart det sett i gang arbeid med eit festskrift, og etter litt fram og tilbake kom skriftet i 2014, med den fikse tittelen (Re)searching the Field, Festschrift in honour of Egil Bakka, med Anne Margrete Fiskvik og Marit Stranden som redaktørar. Det har dei kome godt ifrå.

Festskriftet er til ære for Egil Bakka og hans imponerande karriere, heiter det i forordet. Det har vorte trettitre artiklar, med emne frå ulike delar av verda og av dansefeltet. Felles for alle er at forfattarane på ein eller annan måte har arbeidd saman med Egil Bakka i eit eller anna prosjekt.

Det har vorte eit imponerande festskrift, fyrst og fremst i den forstand at det gjev eit innblikk i Egil Bakkas imponerande karriere. Her er artiklar som utdjuvar kunnskapen om arbeidet hans frå studentdagane av, og artiklar som viser spennvidda i det han har arbeidd med.

Det er ikkje ei bok ein les frå perm til perm, og det er nok ganske få som vil lesa alt, men her er stoff som vil interessere mange, kvar på sin kant. Heile 21 av artiklane er skrivne på engelsk, ni på norsk, to på dansk og ein på svensk.

Skriftet opnar med ein artikkel av Magne Velure, som var med Egil på danseinnsamling i Hordaland og Sogn og Fjordane i 1967. Etter å ha fortalt litt frå denne turen tek forfattaren eit perspektiv frå i dag, femti år etterpå, og finn at dei karakteristiske draga av Egil Bakka som vitskaps-

mann har vore til stades frå fyrste stund: Dokumentalisten, med ei usvikeleg tru på film som medium, undervisaren og analytikaren, med vekt på dei vertikale rørslene i dans («svikten»).

Kari Margrethe Okstad og redaktørane følgjer opp med ei oversikt over Egil Bakkas arbeid som undervisar og forskar, frå det fyrste dansekurset heime i Sauda i 1958. Her kunne ein ha ynskt litt oppklaring om sviktanalysen, som fleire artiklar tangerer, men på litt ulikt vis. I staden aukar ein forvirringa med ei formulering om at Egil utvikla sviktanalysen ut frå Jan Petter Bloms ide om «horizontal(!) movements being essential to the aesthetics of Nordic traditional dances».

Geir Egil Larsen, Tor Stallvik og Dag Vårdal var også med Egil Bakka på samlarferder på 1960- og 1970-talet, og fortel i kvar sine artiklar om dette. Noko går sjølvstakt att hjå fleire, men dei har likevel såpass ulike vinklar på det dei fortel, at det gjev eit utfyllande bilete av måten det var arbeidd på. Ivar Møgstad orienterer om dansemusikken i arkivet, med refleksjonar omkring det, Marit Stranden og Stian Roland skriv om analyse og kroppsleggjering av dansematerialet frå arkivet, Siri Meland skriv om prøveordninga med utøvarstudium i tradisjonsdans og Arne M. Sølberg om Bygda dansar. Denne delen blir avrunda med ein artikkel av antropologane Georgiana Gore og Andrée Grau, som nokså motvillig synest å ha gått med i Choreomundus-prosjektet frå 2012. Motviljen botnar i ein skepsis mot korleis omgrep som “kulturarv” og “identitet” kan misbrukast, særleg frå ytre høgre politiske fløy.

Del to er knytt til feltarbeid verda rundt. Irene Loutzaki skriv om ei utfukt med ei arbeidsgruppe i ICTM på Rhodos i 1997, Petri Hoppu argumenterer for deltakande observasjon med utgangspunkt i eige doktorgradsarbeid om finsk menuett, Ola Kai Ledang fortel om erfaringar frå ei studiereise til Tanzania i 1977–78, Mohd Anis Md Nor skriv om oppattleving av Zapin dans og musikk i Malaysia, Daniela Stavelona skriv om tsjekkisk tradisjonell dans, og Judy Van Zile problematiserer dansepedagogiske utsegner som “Berre gjer det naturleg”. Betyr “naturleg kroppshaldning” det same jorda rundt?

Del tre er nokså laust samanhaldne under overskrifta metode. Her er ganske teoretiske bidrag frå Anca Giurchescu, Gediminas Karoblis, Lazlo Felfødi og Tellef Kvifte. Lena Hammargren skriv om pedagogiske grep som

bruk av ord og berøring i (klassisk og moderne?) danseundervisning. Cathrine E. Foley deler sine erfaringar som innsamlar i Irland, og dilemma som kan oppstå mellom rolla som (med)utøvar og innsamlar, eller mellom hennes “innfødde sjølv” og “profesjonelle sjølv”, som ho uttrykker det. Colin Quigley skriv om dei ungarske dansehusa, og Bjørn Aksdal tek opp problem knytt til klassifiseringa av dansemusikk som musikk, og litt om kva som skjer med dansemelodiar når den tilhøyrande dansen blir borte. Som eksempel brukar han både utviklinga frå menuett til pols, og dei mange typane dansemusikk som samlar seg i sekken reinlender sist på 1800-talet.

Del fire ber overskrifta Nordisk og internasjonal dansehistorie, og er ikkje mindre variert. Etter ein innleiande artikkel av Theresa Jill Buckland om dei engelske dansepionerane Mary Neal og Grace Kimmins, følgjer tre artiklar om klassisk ballett. Ein om det Turid Nøkleberg Schjønshy kallar Duncandans, dans etter Isadora Duncan, Anne Margrethe Fiskvik skriv om norske Gyda Christensen og hennar “sjelfulle barfotdans” fyrst på 1900-talet, og Karen Vedeld skriv om ballettpantomimen Scaramouche, med Lil- lebil Ibsen som sentral aktør, i dei fire nordiske hovudstadene 1922–1924. Så går det over til det meir folkelege att. Anders Chr. N. Christensen skriv om omdreiingar og danseretning «feil» («forkert») veg i folkelege runddansar i Danmark. Gunnel Biskop skriv om folkeleg dans på estraden i det svenskspråklege Finland sist på 1800-talet. Inger Damsholt skriv om (dagens) lanciertradisjon på ball i Danmark, og Mats Nilsson rundar det heile av med refleksjonar omkring dansenamn, med utgangspunkt i namnet Brennevinspolska og engelsk pols, og med ein konklusjon om at ein trygt kan danse til denne musikken sjølv om namna ikkje seier noko på det analytiske planet. Godt å vita.